

# **Sak: Val til styret 2017**

**Til: FIAN Norges årsmøte 10. mai 2017**

**Frå: Valkomiteen ved Åshild Solgaard, Kristin Kjærø og Trond Sæbø Skarpeteig**

Valkomiteen i FIAN legg med dette fram si innstilling til årsmøtet 2017. Vedtekten seier at årsmøtet skal velgja styreleiar. Ut over dette konstituerer styret seg sjølv. Styreleiar er formell arbeidsgjevar for tilsette. Styret skal ha mellom 5 og 9 medlemmer, i tillegg til 1-2 varamedlemmer. Styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer skal veljast for ein periode på to år.

Valgkomiteen har hatt samtalar med styremedlemmer, dagleg leiar og aktuelle kandidatar, og har vurdert mange kandidater til alle verv som skal fyllast. Vi har lagt vekt på å sikra kontinuitet, samtidig som vi har forsøkt å rekruttere kandidater med tung organisasjons- og styreerfaring.

I 2016 blei desse styremedlemene valde for to år, og er difor ikkje på val før i 2018: **Elisabeth Irene Karlsen, Gaute Gulliksen, Frida Pareus, Marte Haga Stabbetorp, Hanna Schanke, og Jon Magnar Haugen.**

Styreleiar **Aina Grødahl** vart valt for 1 år i 2016, og er på val i år.

Styremedlem **Ann-Louise Lie** er på valg i 2017.

Styremedlem **Sabrina Ionata De Oliveira Granheim** har bede om permisjon frå styret eit år før perioden er slutt.

2. varamedlem **Anette Steinbakk** trakk seg etter årsmøtet i 2016.

**Ida Martine Nilsen** vart vald som 2. varemedlem frå 20/9 2016, etter Anette Steinbekk.

Ida Martine Nilsen ynskjer ikkje å halda fram i styret.

Valkomiteen vil retta ein stor takk til styremedlem som går ut!

Årsmøtet skal etter vedtekten i år difor velja styreleiar og 1-2 varamedlemer. Valkomiteen foreslår at styret framleis er på heile ni personar. Her er valgkomiteens forslag til vedtak:

## **Forslag til vedtak:**

**Aina Grødahl** blir attvald som styreleiar for 1 år.

**Ann-Louise Lie** blir attvald som styremedlem for 2 år.

1. vara **Kristine H. Vinje** blir vald (rykker opp) til fast plass til 2018.

Forslag til 1-2 nye varamedlemer blir delt ut på årsmøtet. Valkomiteen tar gjerne imot forslag.

Sjå vedlagte grunngjeving for kandidatane.

Oslo, 24. april 2017

Åshild Solgaard, Kristin Kjærø og Trond Sæbø Skarpeteig.

## **Grunngjeving for kandidatane**

**Aina Grødahl:** Aina er faglig sterkt, og har gode landkunnskaper. Hun er engasjert og kunnskaprik om korleis vi kan jobbe mot diskriminering, og ho følgjer opp. Aina er god til å tenkja strategi, og brukar tida sin veldig godt. Ho er ein stor ressurs for styret i FIAN.

**Elisabeth Irene Karlsen:** Elisabeth har fagkompetanse om retten til mat i Noreg, ho kjenner FIAN, og brenn for retten til mat og FIANS arbeid. Ho vil bla. vera ein ressurs når det gjeld FIANS strategiske mål om fokus på retten til mat i Noreg.

**Gaute Gulliksen:** Gaute har mange års relevant, internasjonal erfaring frå utviklingsarbeid som leiar/teamleiar innan administrasjon, personal, finans, og kapasitetsbygging, samt erfaring med fundraising og donorrapportering. Han er strateg og problemløysar.

**Frida Pareus:** Frida har tverrfagleg kunnskap om diskriminering og internasjonale menneskerettar frå SMR. Ho vil bidra solid i faglege drøftingar om menneskerettsbrot, sammenhengen mellom ulike menneskerettar, og utfordringar for rettighetspespektivet i komplekse politisk situasjonar.

**Marte Haga Stabbetorp:** Marte har relevant erfaring frå fleire kontinent (alt), og ei spanande utdanning om mattriggleik frå NHH. Ho kjem frå ein landbrukspolitisk engasjert familie. Ho likar å organisere, og har sterkt gjennomføringsevne når det kjem til arrangement og prosessar.

**Hanna Schanke:** Hanna har erfaring med mattriggleik frå Utanriksdepartementet og Lilongwe - både på strategisk nivå (policy) og som sakshandsamar, og ho har bakgrunn frå norske organisasjonar. Av personlege årsaker kjem ho til å pendla mellom Grenoble og Oslo frå sommeren 2016 til sommeren 2017.

**Jon Magnar Haugen:** Jon Magnar arbeider med landbrukspolitikk og ressursspørsmål, inkl. tilgang til ressursar. Han har kjennskap til norsk og internasjonal landbruks- og matpolitikk, og vil bidra til å styrka FIAN sitt arbeid for mattriggleik. Han er skriftefør og deltek i offentlege ordskifte.

**Kristine H. Vinje:** Kristine har (snart) mastergrad i samfunnsernæring om promovering av amming og markedsføring av morsmelkserstatning i Sørøst-Asia - i eit menneskerettspespektiv. Kristine kjenner FIAN, og har vore aktiv sidan 2015. Ho er skriftefør, og brenn for retten til mat.